

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 22.06.2016

SAKLISTE

SAKLISTE

- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- VAL AV MEDDOMMARAR TIL NORDHORDLAND TINGRETT 2017-2020
- VAL AV LAGRETTEMEDLEMER/MEDDOMMARAR TIL GULATING LAGMANNSRETT 2017-2020
- VAL AV JORDSKIFTEMEDDOMMARAR FOR PERIODEN 2017-2020
- VAL AV KANDIDATAR TIL SKJØNNMEDLEMER 2017-2020
- DRIFTSRAPPORT 1. TERTIAL 2016 MED REVIDERT ØKONOMIPLAN
- GODKJENNING AV ÅRSREGNSKAP 2015 FOR GULEN KOMMUNE
- GODKJENNING AV ÅRSMELDING 2015 FOR GULEN KOMMUNE
- ETABLERINGSTILSKOT – VURDERING OM AUKE
- KOMMUNALT TILSKOT TIL REHABILITERING AV BÅLEN OG BREIDVIK GRENDHUS
- KOMMUNESTRUKTURPROSJEKT – VURDERINGAR OG VEDTAK GULEN KOMMUNE
- GODKJENNING AV UTBYGGINGSAVTALE – PRESTESUNDET BUSTADFELT
- EIENDOMSSKATT – GJENNOMFØRING AV NY ALMINNELEG TAKSERING
- REGULERING AV INVESTERINGSBUDSJETT 2016
- LØYVE TIL SKJENKING AV ALKOHOL I PERIODEN 2016-2020
- LØYVE TIL SAL AV ØL/RUSBRUS FOR PERIODEN 2016-2020
- OMSORGSPLAN 2016-2030 OG RAPPORT FRÅ RO MAI 2016
- TV-AKSJONEN 2016 – RØDE KORS
- HORDALAND FYLKESKOMMUNE SIN SKULEBRUKSPLAN 2016 – HØYRINGSUTTALE FRÅ GULEN KOMMUNE

Stad: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik

Tid: onsdag 22.06.2016 kl. 10.00

Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no

Nye saker kan kome til. Møte er open for publikum og alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordførar

Utvida utgåve – Årsmelding 2015 til Gulen kommune finn du bakarst i bladet.

Frå ordføraren

Den rådgjevande folkerøystinga i spørsmålet om kommunesamanslåing gav eit klart råd til oss politikarar. Med 57 % for at Gulen kommune skal vere som i dag var det eit råd som vi i kommunestyre må ta inn over oss.



Eg er glad for at rådet er så klart, og at det ikkje kan såast tvil om at fleirtalet av folket vil stå åleine, og at vi ikkje ynskjer ei samanslåing med andre kommunar no.

Det er kommunestyret som skal ta den endelege avgjerda her i kommunen. Det skjer den 22. juni. Deretter går saka til Fylkesmannen som skal vurdere kommunestyret si avgjerd, og dei sender saka vidare til Stortinget som har den endelege avgjerda.

Eg håpar og trur at det vedtaket som vi gjer i kommunestyret vert ståande, og at Stortinget ikkje nyttar tvang i denne saka. Det ligg eit grundig arbeid her i kommunen til grunn for det vedtaket vi fattar.

Eg vil takke for det gode engasjementet som har vore i saka. Både oppmøte på folkemøta, og den forholdsvis gode oppslutninga i valet. Det viser at dette er ei viktig sak for oss og Gulen kommune.

Eg har tru på framtida til Gulen. Utsiktene ser gode ut, med god driv i næringslivet, og mange unge som vil bygge og satse si framtid her. Det er opp til oss politikarar å legge til rette for denne gode utviklinga og gjere det godt å bu og arbeide her i kommunen. Det får vi best til med eit godt samarbeid mellom kommune og alle aktørane i næringslivet og alle dei frivillige organisasjonane i kommunen.

I formannskapsmøte den 3. juni løyvde vi kr 25 000 til gapahuk ved Tausevika badeplass på Byrknes. Dette er ei

badestrand og aktivitetspark som er bygd av eldsjeler som har gjort ein kjempeinnsats med mykje dugnad. Dette er prosjekt vi i formannskapet er svært positive til, og dersom det er andre liknande satsingar som kjem fellesskapet til gode i kommunen, må de berre søke om tilskot frå formannskapet. Vi ynskjer no å samle søknadene til møte i september, og ta ein samla vurdering då.

Så sett i gang med gode prosjekt.

Sommaren er komen til Vestlandet med fantastisk vokstervær med både nok fuktigheit og varme. Fyrsteslåten er tidleg i år, og det ser ut til å verte gode avlingar.

Eg vil ynskje dykk alle ein god sommar og ferie, og håpe på at alle får eit velfortent avbrekk frå kvardagen.

Helsing ordførar
Hallvard Oppedal

Resultat folkerøysting i Gulen kommune

Tal røyster totalt var 1109, dvs. 58 % av dei røysteføre.

- 57 % (628 røyster) stemte for at Gulen skal halde fram som eigen kommune
- 26 % (284 røyster) stemte for å slå seg saman med Masfjorden
- 17 % (194) stemte for Nordhordland storkommune
- Det var 3 blanke røyster

Innbyggjarvarsling frå Gulen kommune

I 2014 inngjekk Gulen kommune avtale med Fram Web om varslingstenesta Varsling 24. Det gjer at kommunen raskt kan informere om plutslege situasjonar og liknande via SMS og/eller talemelding.

No i 2016 har Varsling 24 utvikla seg til å inkludere også e-post.

Ved ta i bruk Varsling 24 kan innbyggjarar i eit definert område varslast om hendingar.

Kva vert systemet nytta til?

Per i dag er systemet nytta til situasjonar som omhandlar vatn og beredskap. Det kan også nyttast til å sende ut informasjon som

kommunen meiner er relevant å få ut til alle innbyggjarane.

Varslingssystemet er integrert med eit kartsystem som gjer at kommunen raskt kan varsle alle som bur i eit geografisk område.

Kan vi nå deg?

Varsling 24 nyttar to ulike registre for å nå privatpersonar. Kontroller om du allereie er registrert på linkane under

- www.norge.no/oppdater-kontaktinformasjon
I dette felles nasjonale kontaktregisteret anbefaler vi å leggje inn både mobiltelefon og e-postadresse
- www.varslemeg.no
Dette er eit tilleggsregister kopla opp mot Varsling 24

Du må aktivt gjere ei registrering av ditt telefonnummer på adressa di dersom du:

- Nyleg har flytta eller av andre grunnar ikkje er oppført med telefonnummeret ditt på adressa
- Har mobiltelefon registrert på arbeidsgjevar
- Har hemmeleg telefonnummer
- Merk: Verksemder/organisasjonar MÅ registrere kontaktpersonar med mobilnummer for å kunne ta i mot varsling på verksemda si adresse

Verksemder

Verksemder må registrere nøkkelpersonar ved å gå inn på linken www.varslemeg.no då telefonnummer til verksemder ikkje kan hentast frå andre kanalar.

Plan-nytt

Planoppstart:

- 2016001 Nordre Fløneset - fritid og turisme
- 0000000 Ortneset Brekke-bustadfelt



Planarbeid pågår:

- 2008001 Taskebotn hytter
- 2009005 Dingeneset sør hyttegrend
- 2011001 Storevågsneset, Brandanger
- 2013003 Gulen industrihamn reguleringsendring
- 2014002 Brandanger gbnr. 75/1, 3, 5 spreidd bygg

Planarbeid med planprogram:

- 2014006 Oppdrettsanlegg Ortneset, Brekke

Planvedtak:

- 2014003 Veg Skipavika – Brandangerbrua Fv4

Prosjektnytt:

- Forstudie symjehall Dalsøyra - mulighetsstudie pågår
- Prosjekt for trafikktiltak snuplass Byrknes skule - utbygging startar
- Uteplass og klatrepark for Brekke barnehage og skule - arbeid pågår
- Prosjekt barnehage på Hovden - tilbodsinnhenting på utføring
- Prosjekt barnehage på Brekke - prosjektering
- Prosjekt utviding PU Kjelle vold ved Dalsøyra bu- og omsorgssenter - prosjektering

Høyring – valnemnda sitt framlegg til meddommarar

Eventuelle merknader må sendast til postmottak@gulen.kommune.no, eller pr. post til Gulen kommune, Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik innan 20.06.2016.

Alle domstolsutvala skal utnemnast av Gulen kommunestyre på møte 22.06.2016, og skal fungere i 4 år frå 01.01.2017. Krav til dei som skal veljast er mellom anna:

- Alder mellom 21 og 70 år pr. 01.01.2017. Ingen øvre aldersgrense for skjønnsmedlem
- Vere busette i kommunen på valdagen, dvs. pr. 22.06.2016
- Ha tilstrekkelege norsk-kunnskapar
- Vere personleg eigna
- Krav om godandel

Meir info: www.domstol.no/Lekdommar/

Valnemnda sitt framlegg

1. Meddommarar Nordhordland tingrett

Kvinner

1. Inger Sognefest
2. June G. Omdahl
3. Åshild Eide

Menn

1. Jostein Kolås
2. Jan Even Østerbø
3. Odd Rutledal

2. Lagrettemeddommar, Gulating lagmannsrett

Kvinner

1. Laila Nyhammer
2. Bente Stendal

Menn

1. Torleif Sundbotten
2. Kenneth Austgulen Kidøy

3. Jordskiftemeddommarar Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett

Kvinner

1. Jenny N. Nordal
2. Astrid Sandvik
3. Inger Lise Øvrebø
4. Anne Berit Takle
5. Malin Hjartholm
6. Wenche Midtun

Menn

1. Jarle Haugland
2. Hermund Asheim
3. Reidar Tveit
4. Kåre Haveland
5. Jan Ones
6. Ole Kristian Reknes

4. Skjønnsmedlemmer –vert endeleg utpeika av fylkeskommunen

1. Kåre Wergeland
2. Torgeir Eide
3. Jon Ivar Steine
4. Gro Engesæter
5. Grete Lid
6. Kristin Kvamme Rasch
7. Jan Ivar Kjølby

Utlysing – tilskot til veglys

I budsjett for 2016 har kommunen sett av kr 50 000 i driftstilskot til veglys i bygdene.

Kriteria for tilskot:

- Drifta er organisert i eit eige lag, med eit ansvarleg styre
- Laget fører rekneskap og skriv årsmelding
- Laget driftar 10 lyspunkt eller meir

Send inn søknad med siste års rekneskap/årsmelding til kommunen, til postmottak@gulen.kommune.no innan 01.07.2016.

Merk:

- Det må gå fram av årsmeldinga eller i søknaden kor mange lyspunkt laget driftar
- Søknaden må innehalde: namn på leiar eller kasserar for laget, adresse, org.nr og kontonummer for utbetaling

Skule og barnehagerute for Gulen kommune 2016-2017

August (13 skuledagar)

Første skuledag etter sommarferie er måndag 15.08.2016

September (22 skuledagar)

Oktober (16 skuledagar)

Hautferie er i veke 41, dvs. frå måndag 10. til fredag 14.10.2016

November (21 skuledagar)

Elevfri dag måndag 21.11.2016

Desember (15 skuledagar)

Siste skuledag før jul er onsdag 21.12.2016

Januar (21 skuledagar)

Første skuledag etter juleferie er tysdag 03.01.2017

Februar (15 skuledagar)

Vinterferie er i veke 8, dvs. frå måndag 20. til fredag 24.02.2017

Mars (23 skuledagar)

April (14 skuledagar)

Siste skuledag før påske er fredag 07.04.2017

Første skuledag etter påske er tysdag 18.04.2017

Mai (19 skuledagar)

Det er elevfrie dagar måndag 01.05.2017, onsdag 17.05.2017 og fredag 26.05.2017

Juni (11 skuledagar)

Fri andre pinsedag måndag 05.06.

Siste skuledag før sommarferie er fredag 16.06.2017

Til saman er det 190 skuledagar i skuleåret 2016/2017

Planleggingsdagar barnehage (dvs. barnehagen er stengd):

Måndag 15. august 2016

Måndag 10. oktober 2016

Måndag 21. november 2016

Måndag 2. januar 2017

Fredag 26. mai 2017

Språkkafé



Gulen Frivilligsentral ynskjer å takke

Randi Lise Wergeland og

Inger-Anne Sellevåg for ein god innsats som kafé-vertar ved språkkaféen i Eivindvik.

Gjennom vinteren og våren har desse damene teke ansvar for kaffikoking, tillaging/rydding, innhald i form av ulike tema til å ha samtale rundt. To trivelige og blide frivillige!

Kafégjestane set pris på å få gode samtaler, og kaféen har stort sett vore godt besøkt. No tek vi sommarferie då folk har mest lyst å vere ute og styre i finvéret, men frå hausten er vi klar igjen. Takkar alle besøkjande og bakarar, utan dykk hadde det ikkje vorte mykje prat!

Frå hausten vil vi i tillegg starte språkkafé i Ytre Gulen, der får vi eit godt samarbeid med lag og organisasjonar som vil vere med å drive kaféen.



Her er bilete av vertane som har førebudd mai-kaféen der tema var nasjonaldag.

Inger Anne pynta 17.-mai-bordet, fortalte om grunnlov, bunad og feiring.

Familie Elham og Abdulsalam Almahmoud fortalte litt om deira drakter og deira forhold til nasjonaldagar.



Bilete frå ein kafe i haust der det vart stort engasjement rundt bordet!

Konfirmantar

Frivilligsentralen har hatt eit samarbeid med konfirmantar som vi kallar «tenester for andre». Dette inngår som ein del av førebuingssfasen til konfirmantane. Konfirmantar har hatt desse oppgåvene før også, nytt no i samarbeid med Frivilligsentralen er at dei kan velje ein del andre typar oppgåver enn det som er knytt til kyrkja.

Vi har hatt ungdommar inne i helse og omsorg til å assistere ved arrangement, nokre har vore med å arrangere treningar for born, ein del eldre har fått besøksvenner, bønder har fått hjelp, for å nemne noko. Kvar enkelt yt 8 timar i løpet av haust og vår til å gjere noko for nokon andre. Dette er fyrste året vi har hatt slikt samarbeid, no er vi i gang med å evaluere og justere opplegget til neste kull med konfirmantar. Frivilligsentralen ynskjer å gratulere alle med vel overstått konfirmasjonsfeiring, og takkar for samarbeidet.

Har nokon idéar til oppgåver eller treng du hjelp nokre timar av ein kjekk ungdom er det berre å ta kontakt. Vi har snart eit nytt kull som skal ut å bidra 😊
Ynskjer du vere frivillig og gjere noko for andre tek du kontakt med Vivian, telefon 57 78 20 66.

Internasjonal kveld i Ytre Gulen

21. april arrangerte Gulen Frivilligsentral og Ytre Gulen Sanitetslag ein internasjonal kveld for innbyggjarane i Ytre Gulen. Vi la opp til same opplegg vi har hatt i Eivindvik og Brekke tidlegare, og det kom vel 80 gjestar! Ingen har tal på kor mange nasjonalitetar som var representert, det vi veit er at det var mange.



På menyen stod det eit ukjent antal rettar, sjømat var sterkt representert som seg høyr og bør ute i øyane. Lokale lefser vart levert då bakaren ikkje hadde høve å delta sjølv, dette seier litt om engasjementet. Den lokale butikken stilte med skikkelig raspeball-middag med alt tilbehør, våre nye landsmenn serverte steikte grønnsaker med fantastiske smakar, gryter, supper, dessertar og kaker.

Tusen til takk alle som deltok denne kvelden, besøket seier sitt om at Byrknes er ei bygd som gjerne vil vere inkluderande, all ære til Dykk! Frivilligsentralen ser fram til vidare samarbeid i Ytre Gulen og vil nemne at frå hausten vert det starta Språkkafe her ute også. Sjå etter oppslag og stikk innom når den tid kjem.

Vivian Våge, dagleg leiar Gulen Frivilligsentral

Nytt frå helsestasjonen

- **Barseltreff:** Siste barseltreff før sommaren er 6. juni. Vi startar opp med nye treff 5. september. Sjå på Gulen kommune sin aktivitetskalender for tema
- **Feriestenging:** Helsestasjonen vert feriestengt veke 30, dvs. 25.-31. juli 2016. Ved behov for helsetenester, kontakt Gulen helsesenter, telefon 57 78 10 90
- I juli er det berre Eivindvik helsestasjon som er open, ikkje Brekke og Byrknes
- **Utleige av elektrisk brystpumpe:** kontakt helsestasjonen, telefon 57 78 20 85 (86) eller 57 78 10 90 i veke 30
- Minner om nasjonal **Alarmtelefon for barn og unge: 116 111**

God sommar frå Linda og Hennie på helsestasjonen

Telefonliste Gulen sjukeheim

Sjukeheimen har fått nye telefonnr.

Einingsleiar Nina Haveland
telefon 458 71 550

Kontor Margun Takle, telefon 458 71 570

Reservetelefon 468 15 815

Evnt. **Bakvaktstelefon** 957 65 379

Langtidsavdeling v/avdelingssjukepleiar
Sissel Kvame, telefon 458 71 551

Dementavdeling v/avdelingssjukepleiar
Brita Eidnes, telefon 458 71 556

Rehabiliteringsavdeling v/
avdelingssjukepleiar Joy Palmer,
telefon 458 71 560

Nattevakt 1, telefon 458 71 564

Kjøkken, telefon 458 71 566

Vaskeri, telefon 458 71 567

Service (Langtid), telefon 458 71 568

Vaktmeister, telefon 458 71 574

Hjort

Tabell over talde hjort i perioden år 2000 – 2016

I år vart teljinga gjennomført 1., 15. og 29. april. Litt varierende resultat på dei ulike teljerutene, men samla resultat talde hjort er det høgaste nokon gong!

Takk for minnegåva

Kreftomsorga i Gulen vil med dette, takke hjarteleg for minnegåva etter Vigleik Andersen, sin bortgang. Venleg helsing sone Eivindvik - Gulen sjukeheim v/einingsleiar Nina Haveland.

Dementavdelinga på Gulen sjukeheim vil med dette, takke hjarteleg for minnegåva etter Astrid Bjørøy sin bortgang. Venleg helsing bebuarar og personell ved dementavdelinga v/einingsleiar Nina Haveland.

Nye tilsette på kommunehuset

På kommunehuset kan du treffe på følgjande nye tilsette:

- Rådgjevar NAV Mariann Opdal Elde
- Konsulent ekspedisjonen Daniel H. Nilsen
- Miljøarbeider Guro Eilertsen
- Ingeniør Anette H. Kvernøy
- Plankonsulent Britt Jorid Foss

Bestandsplan for Gulen og Masfjorden 2016 – 2018

Det er no utarbeidd 3-årig bestandsplan for hjorteforvaltning som femner over heile Gulen og deler av Masfjorden.

I Masfjorden er det 5 vald og i Gulen 21 vald som har meldt seg inn i planområdet. Gulen kommune vil administrere dei valda som har meldt seg inn.

Hovudutval for plan og utvikling godkjente søknaden om bestandsplan for forvaltning av hjort i Gulen kommune og Masfjorden kommune for perioden 2016 – 2018 i møte 07.06.2016.

Vårteljing hjort																	
År	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Indre Oppedal Kringla	268	249	225	244	284	325	222	300	431	459	307	322	451	315	273	390	306
Takle Brekke Ynesdal	70	115	55	62	101	152	60	110	153	237	288	382	295	277	183	377	449
Hantveit Austg Botnen	85	118	85	102	116	104	55	167	270	283	333	404	371	213	327	391	405
Breidvik Hjartholm	46	47	39	43	56	92	69	61	141	108	215	253	167	145	60	148	145
Eivindvik Nordg Brosvik	111	207	145	185	167	176	174	162	199	208	333	330	295	421	289	466	557
Brosvik Dingja	111	123	104	84	131	156	122	139	170	112	201	183	190	178	139	201	172
Leversund Høyvik	71	140	95	62	86	74	65	67	82	50	97	134	161	161	90	150	195
Sæternes Halsvik	313	538	258	254	241	299	229	329	356	182	348	206	154	216	124	178	112
Sandøy	251	269	132	88	30	60	71	86	153	129	166	134	138	221	138	142	147
Byrknesøy Mjømna	0	14	5	14	12	18	4	20	15	14	22	10	21	8	12	17	15
Hisarøy	39	22	62	21	32	37	11	34	17	45	36	26	21	28	28	25	11
Sum Talde dyr	1365	1842	1205	1159	1256	1493	1082	1475	1987	1827	2346	2384	2264	2183	1663	2485	2514

Tausevika badeplass på Byrknes

Tausevika badeplass vart totalrenovert og offisielt opna 17.juni 2014. Mange dugnadstimar og pengegåver gjer at vi har fått ei flott strand på Byrknes. Området har vore svært mykje nytta av fastbuande, hyttefolk og tilreisande.



Tausevika Vel har ansvaret for vidare drift av Tausevika badeplass. Vi jobbar med å utvikle og vedlikehalde friluftsområdet. I fjor søkte vi Skandiabanken om støtte til å setje opp treningsapparatet «Train Stop». Vi fekk kr 20 000,- og stativet er kome på plass. I tillegg søkte vi Gjensidigestiftelsen om kr 67 000,- til «Balansebane». Vi fekk tilslaget på søknaden og no er apparata ferdig monterte, etter iherdig dugnadsinnsats.

Alle er velkomne til å nytte området.
Helsing Tausevika Vel

Det skjer i kyrkja

05.06. Gulen kyrkje kl 11.00
12.06. Mjømna kyrkje kl 16.00
19.06. Brekke kyrkje kl 15.30
26.06. Dalsøyra Bedehus kl 16.00
03.07. Mjømna Kyrkje kl 11.00
17.07. Brekke kyrkje kl 11.00
24.07. Gulen kyrkje kl 11.00
07.08. Mjømna kyrkje kl kl 16.00
21.08. Brekke kyrkje kl 16.00
28.08. Gulen kyrkje kl 11.00
11.09. Brekke kyrkje kl 11.00

Informasjon frå tannlegen



Tannlege Karolina Felenzer har permisjon frå 02.06.2016. Frå september 2016 er det tilsett vikar for tannlegen.

Tannhelsesekretær: Ingvild Flolid Dingen
Tannpleiar: Susan Norman

Ny kontortid
Måndag: kl 08.00-15.00
Tysdag: kl 08.00-15.00
Onsdag: kl 08.00-15.00

Tannpleiaren har ambulerer til Solund:
Tysdag 14.06.2016,
Tysdag 28.06.2016
Måndag 11.07.2016

Telefonnummeret til Hardbakke tannklinikk er 57 78 72 11.

Tannklinikken i Eivindvik vert stengt frå 14.07.2016 - 15.08.2016 grunna ferieavvikling.



- Taxi
- Rullestol
- Minibuss

Tlf. 577 83 100



Gulen kommune
- historisk og framtidsretta



ÅRSMELDING 2015

FOR


GULEN KOMMUNE

Godkjend av Gulen kommunestyre i K-sak /16, datert xx.06.16

POLITISK ORGANISERING

Kommunestyre fram til 22.10.15	Kommunestyre frå 22.10.15
Senterpartiet (8): Hallvard H. Oppedal (ordfører), Helga Irene Ellingsen, Lars Atle Larsen, Kristin Margrete Byrknes, Jenny Norunn Nordal, Johnny L. Langvatn, Reidar A. Byrknes, Jon Ivar Steine Høgre (5): Arve Harald Mjømen (varaordfører), Åshild Daae Eide, Anne-Mette Dahl Andreassen, Øyvind Bøe, Stein-Inge Larsen Arbeidarpartiet (2): Gerd Ingunn Ynnesdal, Odd Harald Eide Venstre (3): Rune Østerbø, Dagfinn Midtun, Bjarte Undertun Kristeleg Folkeparti (2): Trude Brosvik, Kjell Oddvar Stendal Framstegspartiet (1): Finn Johansen	Senterpartiet (9): Hallvard H. Oppedal (ordfører), Helga Irene Ellingsen, Lars Atle Larsen, Kristin Margrete Byrknes, Johnny L. Langvatn, Jon Ivar Steine, Lars Magnus Neverdal, Rolf Daniel Midtun, Arnhild Kjellelvold Høgre (5): Anne-Mette Dahl Andreassen, Stein-Inge Larsen, Bjørn Brekke, Ivar Eide, Kristin Mjanger Arbeidarpartiet (3): Odd Harald Eide (varaordfører), Gerd Ingunn Ynnesdal, Rune Håvåg Venstre (3): Bjarte Undertun, Daniel Olai Kvernøy, Margrethe Thune Trædal, Kristeleg Folkeparti (1): Ingolf Wergeland
Formannskap fram til 22.10.15	Formannskap frå 22.10.15
Hallvard H. Oppedal (Sp), Helga Irene Ellingsen (Sp), Arve H. Mjømen (H), Odd Harald Eide (AP), Dagfinn Midtun (V)	Hallvard H. Oppedal (Sp), Helga Irene Ellingsen (Sp), Ivar Eide (H), Odd Harald Eide (AP), Bjarte Undertun (V)
Hovudutval fram til 22.10.15	Hovudutval frå 22.10.15
Plan og utvikling: Anne-Mette Dahl Andreassen (H, leiar), Jenny Norunn Nordal, (Sp, nestleiar), Stein-Inge Larsen (H), Bjarte Underthun (V), Trude Brosvik (Krf) Omsorg: Lars Atle Larsen (Sp, leiar), Astrid Uthaug (H, nestleiar), Johnny L. Langvatn (Sp), Vivian Våge (V), Merethe Ånneland Misje (Ap) Oppvekst: Kristin M. Byrknes (Sp, leiar), Øyvind Bøe (H, nestleiar), Reidar Andreas Byrknes (Sp), Gerd Ingunn Ynnesdal (Ap), Margrethe Thune Trædal (V)	Plan og utvikling: Lars Atle Larsen (Sp, leiar), Rune Håvåg (Ap, nestleiar), Arnhild Kjellelvold (Sp), Stein-Inge Larsen (H), Daniel Olai Larsen (V) Omsorg: Johnny L. Langvatn (Sp, leiar), Merete Å. Misje (Ap, nestleiar), Kristin Margrete Byrknes (Sp), Anne-Mette Dahl Andreassen (H), Ingolf Wergeland (Krf) Oppvekst: Rolf Daniel Midtun (Sp, leiar), Gerd Ingunn Ynnesdal (Ap, nestleiar), Lars Magnus Neverdal (Sp), Ingvild Høydal (V), Kristin Mjanger (H)

ADMINISTRATIV ORGANISERING



TILBAKEBLIKK PÅ 2015 – SLIK RÅDMANNEN SER DET

Årsmeldinga er administrasjonen sin rapport til kommunestyret om ressursbruk og resultat i året som gjekk. Årsmeldinga er såleis eit av kommunen sine viktigaste styringsdokument. Økonomisk sett har 2015 vore eit akseptabelt år, med eit rekneskapsmessig overskot på kr 5,3 mill. (mot kr 3,2 mill. året før). Hovudårsaka til dette er lågare lønsrelaterte utgifter enn rekna med og budsjetterte løyvingar som ikkje vart fullt ut nytta/utbetalte dette året. Det er ikkje noko mål i seg sjølv at kommunen skal gå med overskot, vi er likevel avhengig at eit visst slingringsmonn for å sikre at vi har noko i bakhand dersom det skjer uføresette ting. Mykje av leiinga sitt fokus i 2015 vore på arbeidet med kommunereforma. Arbeidet starta opp hausten 2014, og samtalar med nabokommunar starta opp med full tyngde våren 2015.

I utgreiingsarbeidet har det vore jobba med 3 alternativ:

- Gulen (som i dag)
- Gulen/Masfjorden (Solund med i ein periode)
- Nordhordland/Gulen

Forhandlingsutvalet i frå Gulen har vore samansett slik:

Før valet september 2015:

- Ordførar Hallvard Oppedal, Sp
- Varaordførar Arve Mjømen, H
- Dagfinn Midtun, V

Etter valet september 2015:

- Ordførar Hallvard Oppedal, Sp
- Varaordførar Odd Harald Eide, Ap
- Ivar Eide, H

I tillegg har underteikna delteke på forhandlingsmøta.

Einingsleiarar og tillitsmannsapparatet har i 2015 vore involvert i kommunereformarbeidet gjennom ei vurdering av styrkar / svakheiter med tenestetilbodet i Gulen i dag. I 2016 vart dette arbeidet vidareført med ei vurdering av eigen kommune opp i mot framforhandla avtalar.

Visjonen for tilsette i Gulen kommune er «samarbeid for utvikling». I årsmeldinga kjem det tydeleg fram at det vert jobba etter denne visjonen i Gulen kommune. Samarbeidet vi har mellom politikarar, tilsette i kommunen, den enkelte innbyggjar, næringsliv og frivillige lag- og organisasjonar gjer at det er svært givande å vere rådmann i Gulen kommune. Eg vil nytte høve til å takke alle for godt samarbeid og godt utført arbeid i 2015.

Gulen, 18. april 2016

Reidun K. Halland
rådmann



Om identitet; ordsky frå folkemøter

ØKONOMISK STATUS

Utviklingstrekk i driftsrekneskapen

(alle tal i kr)	Rekneskap 2011	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Auke 2013-14
DRIFTSINNTEKTER						
Brukarbetalingar	6 198 766	6 651 382	6 898 026	6 811 387	7 786 160	14,3 %
Andre sals- og leigeinntekter	20 031 258	15 645 485	16 013 898	12 724 823	13 372 979	5,1 %
Overføringer med krav til motytingar	28 924 449	27 840 534	36 427 537	30 281 285	31 015 783	2,4 %
Rammeoverføringer	82 645 096	86 734 340	88 958 081	91 745 466	91 744 958	0,0 %
Andre statlege overføringer	1 732 835	1 678 095	1 609 823	4 437 978	4 774 429	7,6 %
Andre overføringer	15 595 464	7 788 630	7 103 288	8 256 024	8 855 063	7,3 %
Inntekts- og formueskatt	53 552 881	56 171 721	58 081 669	61 093 026	62 352 564	2,1 %
Eigedomsskatt	11 580 994	11 467 369	10 784 882	12 029 552	14 980 829	24,5 %
Andre direkte og indirekte skattar	679 895	337 733	337 733	339 309	350 643	3,3 %
Sum driftsinntekter	220 941 638	214 315 289	226 214 937	227 718 850	235 233 408	3,3 %
DRIFTSUTGIFTER						
Lønsutgifter	112 339 685	115 901 171	125 169 386	129 462 299	134 082 259	3,6 %
Sosiale utgifter	25 996 304	25 265 110	32 877 288	31 817 629	32 378 260	1,8 %
Kjøp som inngår i kom. tenesteproduksjon	25 190 169	27 035 745	27 532 236	28 363 793	28 656 371	1,0 %
Kjøp som erstattar kom. tenesteproduksjon	21 452 148	22 412 255	23 344 623	20 970 064	21 561 407	2,8 %
Overføringer	10 727 908	13 783 205	14 705 147	12 343 711	11 962 670	-3,1 %
Avskrivningar	4 153 843	4 443 118	5 140 947	5 191 351	5 803 424	11,8 %
Fordelte utgifter	-2 123 298	-2 256 971	-2 293 556	-3 183 303	-2 535 144	-20,4 %
Sum driftsutgifter	197 736 759	206 583 633	226 476 071	224 965 544	231 909 247	3,1 %
Brutto driftsresultat	23 204 879	7 731 656	-261 134	2 753 306	3 324 161	20,7 %
FINANSINNTEKTER						
Renteinntekter og utbyte	4 526 299	4 955 234	4 744 478	4 352 774	3 052 483	-29,9 %
Mottekne avdrag på lån	33 211	34 505	83 257	154 036	119 240	-22,6 %
Sum eksterne finansinntekter	4 559 510	4 989 739	4 827 735	4 506 810	3 171 723	-29,6 %
FINANSUTGIFTER						
Renteutgifter og låneomkostningar	2 363 722	2 242 623	2 166 170	2 280 148	2 079 309	-8,8 %
Avdrag på lån	3 434 888	3 784 888	4 306 555	4 336 181	5 248 892	21,0 %
Utlån	132 670	28 500	226 425	314 035	26 541	-91,5 %
Sum eksterne finansutgifter	5 931 280	6 056 011	6 699 150	6 930 364	7 354 742	6,1 %
Resultat finansposter	-1 371 771	-1 066 272	-1 871 416	-2 423 554	-4 183 019	72,6 %
Motpost avskrivningar	4 153 843	4 443 118	5 140 947	5 191 351	5 803 424	11,8 %
Netto driftsresultat	25 986 951	11 108 502	3 008 398	5 521 103	4 944 566	-10,4 %
Justeringsfaktorar*	15 905 301	5 954 778	4 303 583	4 554 003	6 906 955	51,7 %
Justert netto driftsresultat	10 081 650	5 153 724	-1 295 185	967 100	-1 962 389	-302,9 %
Rekneskapsmessig resultat	14 115 440	4 541 721	3 621 302	3 214 913	5 355 444	66,6 %

*Ekstraordinære inntekter frå BKK (Kløvtveitutbygginga) i 2011 og kompensasjon frå Wergeland-Halsvik AS (NORM-deponi) 2011-2015. Sist nemnde inntekter vert justerte for fordi desse har vore høgare enn i eit normalår (kr 2-3 mill.) og fordi dei har vore ynskt sett av til fond.

Driftsinntektene

Dei to store inntektspostane er Rammeoverføringer og Inntekts- og formueskatt. Rammeoverføringane var på 2014-nivå, medan inntekts- og formueskatt auka med 2,1 %. I høve til landsgjennomsnittet minka skatteinntektene frå 104,6 % av snittet i 2014 til 101,0 % i 2015.

Eigedomsskatt auka med 24,5 % i 2015, etter satsauke frå 2,5 til 3,5 promille av verdien på andre eigedommar enn kategorien Verk og bruk (kr 1,8 mill.), og inntekter frå nye verk og bruk (kr 1 mill.).

Posten Brukarbetalingar auka med 14,3 % i 2015, etter ein reduksjon i 2014 på grunn av reduserte brukarbetalingar ved Gulen sjukeheim etter ein periode med lågare behov for sjukeheims plassar.

Andre sals- og leigeinntekter auka med 5,1 % etter ein reduksjon i 2014 som skuldast at heile renovasjonsordninga inkl. gebyr, med inntekter på kr 3,7 mill. i 2013, vart lagt til NGIR IKS frå 01.01.14. Posten var elles unormalt høg i 2011 på grunn av etterbetaling frå BKK for utbygging av Kløvtveit kraftverk.

Posten Overføringer med krav til motyting auka med 2,4 %, etter ein reduksjon på 16,9 % i 2014 som i hovudsak skuldast at mva.-kompensasjon frå investeringsutgifter ikkje lenger vert rekna som inntekt i driftsrekneskapen.

Posten Andre statlege overføringar auka med 7,6 % i 2015 etter ein auke på heile 175,7 % i 2014 på grunn av nye statstilskot til flyktningar, frivilligsentral og øyeblikkelig-hjelp-dagsenger.

Posten Andre overføringar auka med 7,6 % (kr 0,6 mill.) i 2015. NORM-inntektene utgjorde kr 6,9 mill. av inntektene, dvs. kr 2,4 mill. meir enn i 2014, medan andre posteringar vart kr 1,8 mill. lågare enn i 2014. Posten Andre overføringar var unormalt høg i 2011 fordi NORM-inntekter då utgjorde kr 13,7 mill.

Samla sett auka driftsinntektene med 3,3 % i 2015.

Driftsutgiftene

Lønsutgiftene steig med 3,6 %. Løn til vikarar auka med heile 24,2 % etter eit år med høgare sjukefråvær enn dei siste åra. Sosiale utgifter (arbeidsgjevaravgift og pensjonspremie) auka 1,8 % etter eit år med lågare innbetaling til KLP enn venta.


Dei andre hovudpostane, til saman 28,2 % av samla driftsutgifter, auka med 2,7 % (kr 1,8 mill.), etter ein reduksjon i 2014 på 6,9 % (kr 4,7 mill.) på grunn av bortfall av utgifter til privat barnehage etter nedlegging, og til renovasjonsordninga på grunn av overføring av ordninga til NGIR IKS.

Samla auka driftsutgiftene med 3,1 %.

Finanspostane

Gulen kommune har framleis lågare netto lånegjeld pr. innbyggjar enn landsgjennomsnittet, men lånegjelda er i vekst. Dette, saman med redusert utbyte frå BKK frå 2015, gjev stadig aukande negativt resultat av finanspostane, frå om lag kr 0 i 2010 til - kr 4,2 mill. i 2015.

Økonomisk resultat



2011 var eit år med uvanleg høge inntekter. Det økonomiske resultatet har frå 2013 vore rundt TBU (Teknisk berekningsutval for kommunesektoren) sin tilrådde resultatmargin for ein kommune på 1,75 %. Utan NORM-inntektene ville netto driftsresultat vore under kr 0 både i 2013 og 2015.

Brutto- og netto driftsresultat

Brutto driftsresultat var kr 3,3 mill. i 2015. Brutto driftsresultat seier noko om mindreforbruk (overskot) etter avskrivningar, men før renter og andre finanspostar er teke med.

Netto driftsresultat var på kr 4,9 mill. I netto driftsresultat er finanspostane med, men avskrivningane er "nulla ut". I staden er avdraga inkludert. Gulen kommune har hatt ganske låg lånegjeld, difor har avskrivningane vore høgare enn netto finanspostar. Dette har gitt kommunen høgare netto driftsresultat enn brutto driftsresultat kvart år frå 2004.

Tilrådd resultatmargin, 1,75 % frå 2014 (tidlegare 3 %)

Netto driftsresultat er eit mykje nytta måltal for korleis kommuneøkonomien utviklar seg. På grunn av endring i reglar for inntektsføring av mva.-kompensasjon frå investeringsutgifter inneber ein "sunn" kommuneøkonomi frå 2014 ein driftsmargin på minst 1,75 % av brutto driftsinntekter (om lag det same som eit resultat rundt 0 i privat sektor), utifrå utrekningar gjort av Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (nov. 14). Dette utgjør om lag kr 4 mill. for Gulen kommune, som er indikert med den stipla linja i figuren over.

Netto driftsresultat justert for ekstraordinære inntekter (JND)

Justert netto driftsresultat (den jamnaste heiltrekte lina i tabellen), som viser korleis dei "vanlege" utgiftene er i høve til dei "vanlege" inntektene, var på -kr 2,0 mill. JND har vore ein viktig indikator i høve til god langtidsplanlegging. Gulen kommune har brukt indikatoren fordi kommunen har hatt ein del ekstraordinære inntekter nokre av dei siste åra, som kan få drifta til å sjå betre ut i enkelte år enn ho faktisk er. I JND er desse inntektene sett vekk frå. Dette gjeld ekstraordinære inntekter frå BKK (2011) og NORM-avgift (2011-15). NORM-avgifta er ein kompensasjon til Gulen kommune for lagring av lågradioaktivt materiale i kommunen (Normally Occured Radioactiv Material). Desse inntektene vert i JND-samanheng sett på som ekstraordinære fordi det har vore ynskjeleg å setje dei av til fond, og nytte dei til særskilde satsingar. I 2015 utgjorde slike inntekter kr 6,9 mill. (NORM-inntekter). Frå 2016 og framover er NORM-avgifta venta å vere kr 2-3 mill. årleg.

Rekneskapsmessig resultat (RR)

Rekneskapsmessig resultat er det som står att av netto driftsresultat etter fondsavsettingar og andre årsoppgjersdisposisjonar. RR fortel om kommunestyret sin planlagde pengebruk og forventade inntekter (budsjett) samsvarar med faktisk pengebruk og faktiske inntekter (rekneskap). Driftsrekneskapen for 2015 syner eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 5 355 009. Hovudårsaken til dette er lågare lønsrelaterte utgifter enn rekna med (kr 3,6 mill.) og budsjetterte løyvingar i 2015 som ikkje vart fullt ut nytta/utbetalte dette året, til dømes løyving til garanti for reparasjon av den keltiske steinkrossen i Eivindvik..

Disponering av unytta midlar frå 2015 vert gjort i juni 2016, i politisk sak om godkjenning av årsrekneskapen.

Driftsavvik fordelt på resultateiningar

Rammeområde	Rekneskap 2011	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Revidert budsjett 2015	Avvik i %	Endring 2014-15
100 Sentraladministrasjonen	17 382 089	20 943 114	21 716 060	23 960 116	23 004 864	25 642 200	-10,3 %	-4,0 %
200/250 Oppvekst	5 089 003	5 423 281	4 073 683	3 618 469	3 698 141	3 967 900	-6,8 %	2,2 %
211 Brekke barnehage og skule	9 674 009	10 447 855	10 745 512	11 587 954	11 884 361	12 041 300	-1,3 %	2,6 %
212 Byrknes barnehage og skule	7 240 112	7 831 150	8 162 185	8 624 725	9 006 354	9 283 900	-3,0 %	4,4 %
213 Dalsøyra barnehage og skule	11 129 559	11 261 241	12 429 328	12 299 520	12 421 753	11 884 400	4,5 %	1,0 %
214 Eivindvik barnehage og skule	11 017 841	11 766 308	12 342 422	12 499 526	12 933 369	12 699 100	1,8 %	3,5 %
310 Helse	12 342 818	16 126 081	14 777 998	16 820 147	15 186 717	14 407 700	5,4 %	-9,7 %
355 NAV	2 075 666	1 961 218	1 544 813	2 190 032	2 478 440	2 873 600	-13,8 %	13,2 %
360 Barnevern	2 847 444	2 452 649	2 503 270	2 316 533	2 030 191	2 697 100	-24,7 %	-12,4 %
371 Eivindvik sone	25 852 150	28 713 592	30 079 161	30 952 987	28 783 854	30 289 300	-5,0 %	-7,0 %
376 PU-tenesta	8 537 606	9 537 663	10 713 453	12 004 197	13 533 754	11 879 700	13,9 %	12,7 %
377 Brekke, Byrknes og Dalsøyra sone	12 878 900	13 245 292	14 300 712	16 815 532	17 773 363	18 246 600	-2,6 %	5,7 %
400 Plan, landbruk og teknisk	17 369 950	21 906 503	22 589 693	21 972 847	23 823 012	23 205 700	2,7 %	8,4 %
Sum driftsutgifter	143 437 146	161 615 947	165 978 289	175 662 585	176 558 173	179 118 500	-1,4 %	0,5 %

Avvik i høve til budsjett 2015

Fem av rammeområda hadde meirforbruk - dette vart meir enn vege opp av mindreforbruk på dei åtte andre rammeområda. Budsjettavvika var gjennomgåande større enn i 2014, og høgare prioritering av budsjettkontroll vert vurdert som naudsynt, sjølv om samla mindreforbruk hamna på 1,4 %, som er eit greitt resultat. Nokre av avvika vert kommenterte særskilt under:

- Rammeområde 100 Ymse føremål brukte kr 2,6 mill. mindre enn budsjettert, av dette utgjorde vakansar kr 0,5 mill. og unytta løyvingar som bør budsjetterast opp att i 2016 (kaivedlikehald, steinkrossgaranti) kr 0,7 mill.
- 355 NAV hadde kr 0,4 mill. lågare utgifter til kvalifiseringsstønad og sosialhjelp enn budsjettert, og samla mindreforbruk på kr 0,3 mill.
- 360 Barnevern nytta kr 0,7 mill. mindre enn budsjettert, mykje på grunn av mindre eksterne kjøp enn tatt høgd for.

- 371 Eivindvik sone hadde mindreforbruk på kr 1,5 mill., inkludert kr 0,5 mill. i auka brukarbetalingar.
- 376 PU-tenesta brukte kr 1,7 mill. meir enn budsjettet, i hovudsak på grunn av auka tal brukarar.
- 400 Plan, landbruk og teknisk hadde eit samla meirforbruk på kr 0,6 mill. Meirutgifter på kr 1,1 mill. til drift av skulebygg og mindre nettoinntekt enn budsjettet på kr 0,5 mill. for kommunale bustader vart ikkje fullt ut kompensert av at gebyrtenestene hadde meirinntekter på kr 0,9 mill.

Utviklinga i utgifter frå 2014 til 2015

Driftsutgiftene auka med om lag kr 0,9 mill. i 2015 (0,5 %).

Rammeområda 100 Ymse føremål, 310 Helse, 360 Barnevern og 371 Eivindvik sone hadde lågare netto utgifter enn i 2014.

Desse rammeområda hadde nettoutgiftsauke på over kr 1 mill.: 376 PU-tenesta (skuldast i hovudsak nye brukarar) og 400 Plan, landbruk og teknisk (skuldast i hovudsak auka utgifter til drift av skulebygg og vegar).

Investeringsrekneskapen

Dei samla investeringane i anleggsmidlar var på om lag kr 20,9 mill. i 2016. I tillegg ligg eigenkapitalinnskot i KLP (kr 0,5 mill.), kommunale utlån (kr 2,3 mill. i husbankutlån og -avdrag) og avsetningar (kr 6,4 mill.) på utgiftssida, slik at samla finansieringsbehov vart kr 30,2 mill. Finansieringsbehovet vart dekt inn med lån (kr 11,9 mill.), men og noko inntekter frå tomtosal (kr 4,9 mill), meirverdiavgiftskompensasjon (kr 2,1 mill.), mottekne avdrag og refusjonar (kr 7,4 mill., inkl. kr 1,2 mill. i avdrag, kr 2,0 mill. frå mva.-refusjon for Dalsøyra kunstgras og kr 3,9 mill. for vassforsyningsutbygging i Sløvåg), tilskot frå andre (kr 0,2 mill.) og bruk av fond (kr 3,7 mill.).

Større investeringsprosjekt i 2015 var: Utbygging av vassverk i Sløvåg (kr 6,8 mill.), ventilasjon ved Brekke skule (kr 3,0 mill.), ymse samferdsleinvesteringar (kr 2,7 mill.), nytt låssystem ved kommunehuset (kr 0,7 mill.), ventilasjonsanlegg ved Dalsøyra skule (kr 0,6 mill.) og ny barnehage i Eivindvik (kr 0,5 mill.). På inntektssida utgjorde sal av eigedommar (kr 4,0 mill.), avdrag på husbankmidlar (kr 2,8 mill.) og refusjon av mva. for Dalsøyra kunstgras (kr 2,0 mill.) dei største postane.

Andre viktige investeringsprosjekt i 2015	
Ventilasjonsanlegg ved Dalsøyra skule	Ymse investeringar i eksisterande bygg
Klatrepark ved Brekke barnehage og skule - oppstart	Nybygg Eidsbotn barnehage – planlegging
Innkjøp av bilar, lastebil og traktor	Innfasing av nye IKT-system

Opphavleg investeringsbudsjett for 2015 var på kr 52,7 mill. Hovudårsaken til det store avviket mellom planlagt og utført investeringsnivå var seinare framdrift enn føresett i tre større prosjekt; Vassforsyning Sløvåg, omsorgsbustader på Dalsøyra, rehabilitering/nybygg ved Eidsbotn barnehage og utviding av Brekke barnehage.

Balanserekneskapen

Balansen er sterkt påverka av vurderinga av storleiken på kommunen sine framtidige pensjonsplikter. I 2015 auka desse med kr 4,5 mill., til kr 321,2 mill. Dei utrekna pensjonsmidlane (kommunen sine «sparepengar» i pensjonskassene, som skal nyttast til å innfri pliktene) auka med kr 14,3 mill., til kr 259,3 mill. Kommunen sin eigenkapital auka med heile kr 24,2 mill. til kr 112,6 mill., som følgje av auka investeringsfond etter sal av kommunale eigedommar, auka kapitalkonto på grunn av og at pensjonsmidlane auka meir enn pensjonspliktene.

Lånegjelda auka mest ikkje i 2015. Lågare investeringsnivå enn lagt opp til i budsjettet førte til at kr 6,9 mill. av alt opptekne lån framleis var ubrukte pr 31.12.15 (mot kr 16,7 mill. i 2014).

Økonomiske nøkkeltal

Økonomiske nøkkeltal frå Gulen samanlikna med andre kommunar (førebelse tal frå KOSTRA)							
(alle tal i kr)	Gulen 2011	Gulen 2012	Gulen 2013	Gulen 2014	Gulen 2015	Gruppe 05* 2015	Alle 2015
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	157,9	172,9	173,2	186,8	181,0	223,0	215,0
Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter	36,1	38,1	21,7	29,4	29,2	19,2	16,6
Frie inntekter i kroner pr innbyggjar	58 960	61 998	63 516	65 455	65 020	69 320	50 618
Netto lånegjeld i kroner pr innbyggjar	30 100	29 128	29 593	33 042	35 835	65 563	58 738

*Gruppe 05 er kommunar som kan samanliknast med Gulen, dvs. kommunar med få innbyggjarar, høge bundne kostnader og middels frie inntekter. Frå 2010 til 2013 var Gulen i gruppe 04 (få innbyggjarar, høge bundne kostnader og låge frie inntekter).

I Langsiktig gjeld inngår både vanleg renteberande gjeld og framtidige pensjonsplikter til tilsette i kommunen. Pensjonspliktene, som er ei form for avsetning til framtidige pensjonsutbetalningar, utgjør om lag 3/4 av den langsiktige gjelda. Nivået på desse pliktene er rekna utifrå statlege reglar. Renteberande gjeld (1/4 av langsiktig gjeld) har auka noko dei siste åra, og er lågare enn gjennomsnittet i gruppe 05. Lånegjelda i Gulen kommune gjekk noko ned i 2015 på grunn av at kommunen hadde unytta lånemidlar frå 2014.

Arbeidskapitalen (omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld) fortel om likviditeten, dvs. om kommunen har pengar til å betale rekningane sine til rett tid. Gulen kommune har god likviditet, samanlikna med både gjennomsnittet i gruppe 05 og landsgjennomsnittet.

Frie inntekter fortel noko enkelt sagt om kor mykje av skatteinntekter og overføringar gjennom inntektssystemet som ikkje er bundne opp til dei vanlege lovpålagde driftsoppgåvene. Gulen og dei andre Gruppe 05-kommunane har høgt utgiftsbehov på grunn av stort areal pr innb., og ofte mange folk i høg alder. Dei frie inntektene i Gulen gjekk ned i 2015, i høve til både gruppe 05 og landssnittet.

Netto lånegjeld: Netto renteberande gjeld (1/4 av langsiktig gjeld) har auka noko dei siste åra, men er lågare enn gjennomsnittet i gruppe 05 og landssnittet. Differansen auka i 2015. Framdrifta i store utbyggingsprosjekt har vore lågare enn budsjettert i 2015, noko som dempar veksten i netto lånegjeld.

KOSTRA-samanlikningar

KOMMUNE-STAT-RAPPORTERING har vore i bruk i Gulen kommune frå 2001. Systemet, som ligg på nettsidene til Statistisk Sentralbyrå (www.ssb.no), gjev eit godt grunnlag for å samanlikne kommunar når det gjeld ressursbruk, sjølv om tala må tolkast med noko varsemd.

Viktige KOSTRA-funn om meldingsåret for Gulen kommune sin del:

- Innbyggjartalet auka med heile 35 personar, til 2370, med fleire i barnehage- og grunnskulealder og i gruppa 67-79 år. Netto innflytting frå utlandet utgjorde 25 personar, og fødselstalet på 7 personar var høgare enn på mange år.
- Kommunale prioriteringar: Netto driftsutgifter pr brukar var høgare enn snittet for samanlikningsgruppa 05 innafor pleie/omsorg og barnehagar, om lag som snittet innafor skule og administrasjon, styring og fellesutgifter, og lågare innafor sosialteneste og barnevernteneste.
- Netto driftsutgifter: Grunnskuleopplæring og Helse og omsorg utgjør noko større del av nettoutgiftene i Gulen kommune enn i gruppe 05-snittet. Kommunen har høgare inntekter frå næringsverksemd enn snittet, som i stor grad skuldast NORM-kompensasjon, og noko sal av konsesjonskraft.

Innbyggjarar i Gulen pr. 31.12.	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
0-5 år	160	154	134	129	123	130	123	123	129	138
6-15 år	355	333	317	324	311	300	297	292	277	287
16-66 år	1 482	1 455	1 433	1 442	1 461	1 471	1 470	1 476	1 480	1 482
67-79 år	233	240	236	250	250	259	267	271	295	315
80 år og over	176	174	163	157	151	150	148	153	154	148
Til saman	2 406	2 356	2 283	2 302	2 299	2 310	2 305	2 315	2 335	2 370

Folkemengd, alder, pr. 31.12., %	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
0-5 år	6,6	6,5	5,9	5,6	5,4	5,6	5,3	5,3	5,5	5,8
6-15 år	14,8	14,1	13,9	14,1	13,5	13,0	12,9	12,6	11,9	12,1
16-66 år	61,6	61,8	62,8	62,6	62,6	63,7	63,8	63,8	63,4	62,5
67-79 år	9,7	10,2	10,3	10,9	10,9	11,2	11,6	11,7	12,6	13,3
80 år og over	7,3	7,4	7,1	6,8	6,5	6,5	6,4	6,6	6,6	6,2

Kommunale prioriteringar i Gulen samanlikna med andre kommunar (alle tal i kr)	Gulen 2011	Gulen 2012	Gulen 2013	Gulen 2014	Gulen 2015	Gr. 05 2015	Landet 2015
Netto driftsutgifter pr innbyggjar 1-5 år, barnehagar	117 952	124 850	141 520	134 716	145 077	130 948	131 808
Netto driftsutg. pr innb. 6-15 år, grunnskuleopplæring	132 047	137 377	141 240	149 718	151 732	148 176	104 836
- Utgifter til skoleskyss, per innbyggjar 6-15 år	4 067	4 276	4 373	4 339	4 258	4 372	2 064
Netto driftsutg. pr innbyggjar, kommunehelsetenesta	3 397	3 458	3 657	3 794	3 740	4 593	2 348
- Netto driftsutg. til diagnose, beh. og rehab. pr. innb.	2 543	2 531	2 750	2 788	2 781	3 674	1 637
Netto driftsutg. pr innb. 67 år og over, pleie og omsorg	132 792	142 234	144 021	148 840	144 637	126 489	111 343
Netto driftsutg. pr. innb. 80 år og over, pleie og omsorg	362 080	398 831	399 118	433 955	452 480	387 956	376 850
- Andel innb. under 67 år som får heimetenester	1,5	1,5	1,5	1,5	1,5	2,5	2,0
- Andel innb. 67-79 år som får heimetenester	5,4	6,4	4,8	6,4	6,4	8,7	6,8
- Andel innb. over 80 år som får heimetenester	41,3	39,2	36,6	37,0	37,0	36,9	32,6
- Andel innb. 80 år og over som bur på institusjon	16	18,2	13,1	14,9	14,9	18,2	13,4
Netto driftsutgifter pr innb. 20-66 år, sosialtenesta	1 242	798	1 128	2 081	1 511		3 222
Netto driftsutg. pr innb. 0-17 år, barneverntenesta	5 482	5 088	4 822	5 258	4 340	7 605	8 363
Netto driftsutg. pr innb., adm., styring og fellesutgifter	6 381	7 426	8 095	8 536	8 282	9 980	4 020

Netto driftsutgifter for ymse tenester, målt i % av totale netto driftsutgifter	Gulen 2011	Gulen 2012	Gulen 2013	Gulen 2014	Gulen 2015	Gruppe 05 2015	Landet 2015
Administrasjon og styring (inkl. eigedomstaksering)	11,7	11,5	11,4	12,1	11,6	13,6	7,6
Barnehage	9,8	9,0	8,6	8,9	8,9	9,0	14,9
Grunnskoleopplæring	31,3	27,2	25,2	25,3	25,9	23,0	23,8
Helse og omsorg	49,2	46,8	44,0	47,5	45,1	43,9	34,5
Sosialteneste	1,4	1,0	1,0	1,7	1,6	2,4	5,8
Barnevern	2,2	1,7	1,4	1,5	1,2	2,2	3,4
Vatn, avløp, renovasjon/avfall	0,2	0,3	0,1	0,0	0,0	-0,5	-0,7
Fysisk planlegging/kulturminne/natur/nærmiljø	0,6	1,6	1,3	0,9	0,5	1,4	1,1
Kultur	1,0	2,1	1,4	2,1	1,4	3,0	3,8
Kyrkje	1,7	1,9	1,6	1,5	1,8	1,7	1,2
Samferdsle	3,3	2,7	3,0	2,8	3,0	2,5	1,4
Bustad	0,0	0,0	-0,1	0,0	0,5	-0,2	0,1
Næring	-15,5	-4,5	-2,8	-3,0	-3,4	-0,6	0,3
Brann og ulukkesvern	1,7	2,3	1,9	2,0	2,0	1,9	1,4
Ymse (t.d. premieavvik)	1,4	-3,6	-0,2	0,0	-0,1	0,0	0,2

Kommunebarometeret - kvalitetsmåling

Basert på KOSTRA har Kommunal Rapport utvikla eit grunnlag for å samanlikne tenestekvalitet i kommunane i høve til ressursinnsats - Kommunebarometeret. Gulen kommune var på 44. plass av 428 kommunar i 2016 (104.-plass etter justering for inntektsnivå) - utifrå 2015-indikatorane for målinga. Når det gjeld sektorar skårar kommunen høgare enn snittet på Grunnskule, Helse, Sosialhjelp og Barnevern, og lågare på Barnehage og Kultur.

PERSONALSTATUS

Godkjende stillingar

Bemanning ved årsslutt året:	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Godkjende stillingar (inkl. vedtekne endringar for budsjettåret), årsverk	217,31	224,32	222,46	223,21	224,61	222,5	231,05	226,7	257

Endringa 2012-2013 skuldast nye stillingar som samhandlingskoordinator, folkehelsekoordinator, nattevakter i sonene, vaktmeister, kulturkonsulent og auking i enkelte deltidsstillingar. Reduksjonen 2013-2014 skuldast reduksjon av vegvaktarstilling, kjøkenfunksjon ved bu- og omsorgssenteret på Byrknes, stillingar på Gulen sjukeheim og innan skulesektoren, samt omlegging av arbeidet med folkehelse. Auken i stillingar frå 2014-2015 skuldast mellom anna mottak av flyktningar, til dømes oppretting av stilling som flyktningkonsulent, auke av stillingar ved helsestasjon, barnehage, skule og norsksenter. Det er også endringar grunna auka barnetal i barnehagane og fleire brukarar innan pleie og omsorgssektoren.

Sjukefråvær

Eigenmeldt og legemeldt sjukefråvær (%)	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Gulen kommune	6,9	8,2	8,7	7,3	7,4	6,6	7,5

Vi har i tidlegare årsmeldingar nytta NAV/SSB sine tal, og samanlikna med fylkeskommunen og heile landet. Då det for 2015 ikkje er mogleg å hente desse tala frå SSB, nyttar vi Gulen kommune sine eigenregistrerte sjukefråværestal for alle åra attende til 2009. Desse inneheld både legemeldt og eigenmeldt sjukefråvær. Sjukefråværet i 2015 var på eit middels nivå samanlikna med dei siste åra. Sjukefråværet i Gulen kommune er i hovudsak langtidsfråvær, og er noko høgare innan pleie og omsorg enn innan oppvekstsektoren, og lågast i sentraladministrasjonen/PLT. Dette er ein skilnad som er forventa når vi samanliknar med nasjonale tal for dei ulike yrkesgruppene.

Samarbeid med fagorganisasjonane

Det var 4 møte med alle hovudtillitsvalde samla, der det mellom anna har vore drøftingar i samband med kommunereformarbeidet, kompetanseplan, permisjonsreglementet og lokale lønsforhandlingar. Det har også vore drøftingar med hovudtillitsvalde enkeltvis eller i grupper ved behov – mellom anna kring arbeidstidsordningar, tilsettingar, arbeidsmiljøsaker og ved individuelle saker. Hovudverneombod har også delteke på desse møta når temaet har vore aktuelt for vernetenesta.

Kompetanseutvikling

Kommunestyret vedtok i 2015 ein ny kompetanseplan for Gulen kommune til avløyning av planen for 2010-15. Fleire tilsette er ferdige med utdanningar som følgje av kompetanseplanane, og andre er i gang med utdanningar. Gjennom «Kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskot» fekk vi i 2015

tilskot til kompetansetiltak for utdanning innan pleie og omsorg; både til grunnutdanning innafor helsefagarbeidar, sjukepleie, vernepleie og helsefagarbeid, og vidareutdanningar. Ein medarbeidar tok fagprøve som helsefagarbeidar i 2015, og fleire jobbar med å opparbeide nok praksis til å gå opp til fagprøva dei kommande åra. To sjukepleiarar fullførte vidareutdanning innan rehabilitering. Vi har to lærarar som har gjennomført vidareutdanning innan naturfag og norsk, medan fire lærarar byrja på vidareutdanning i matematikk, norsk og engelsk i 2015. Ein tilsett har teke fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar i 2015. To medarbeidarar held på med utdanning som barnehagelærar. Det er gjennomført ei rekkje andre kompetansehevingstiltak ved skular og barnehagar, i tråd med vedtatt kompetanseutviklingsplan for sektoren. Vi har to lærlingar innan helsefag, ein lærling innan barne- og ungdomsarbeidarfaget, samt ein lærling i byggdriftarfaget i 2015.

Helse, miljø og tryggleik (HMT)

Det har vore 2 møte i arbeidsmiljøutvalet. Tema for vernerundane 2015 var psykososialt arbeidsmiljø. Det vart arrangert vernedag i dette temaet for einingsleiarar og verneombod. Bedriftshelsetenesta (Stamina) vart nytta til generelle helsekontrollar, informasjon og kurs i nokre av einingane og oppfølging av sjukemelde, samt rådgjeving/involvering i konkrete arbeidsmiljøsaker. I tillegg hadde Stamina individuelle arbeidsplassvurderingar. 12 leiarar/ avdelingsleiarar/hovudverneombod deltok på kurs i sjukefråværsoppfølging i regi av NAV arbeidslivssenter.

Diskriminering og likestilling

Gulen kommune har som mål at usakleg forskjellsbehandling ikkje skal skje ved tilsetjing eller annan sakshandsaming. Vi drøfter reduksjon av deltidsstillingar med tillitsvalde, samarbeider tett med tillitsvalde i tilsetjingssaker. Gulen kommune er ein kvinnedominert arbeidsplass, og praktiserer likestilling. Godt utbygde velferdsordningar gjer kommunen til ein konkurransedyktig arbeidsplass, særskilt for kvinner. For å stimulere til fleire kvinnelege næringsetableringar vert kvinner prioriterte når det gjeld tilskot frå næringsfondet. 8 av 15 toppleiarar i Gulen kommune er kvinner. Over 80% av tilsette i Gulen kommune er kvinner.

Etikk

"Gulen kommune ynskjer tilsette som legg vekt på respekt, rettferd, ærligheit, omsorg, toleranse, openheit og syner positive haldningar innad og utad." (Gulen kommune, Etisk reglement)

Kommunen legg vekt på at vår tenesteyting skal skje i samsvar med vårt etiske reglement. Vi fokuserer også på verdiplattforma vår, "Samarbeid for utvikling", som seier korleis vi bør opptre, og kva overordna mål tilsette skal jobbe etter. Verdiplattforma skal henge synleg på alle arbeidsplassar, og reflekterast over på personalmøte jamleg. Verdiplattforma vert trekt fram på den årlege nyttilsettdagen, som var i september.

ADMINISTRASJON, POLITIKK OG SAMFUNNSUTVIKLING

Sentraladministrasjonen

Sentraladministrasjonen består av Rådmannen m/stab, Ekspedisjonsavdelinga, Løns- og personalavd. og Økonomiavd. Ei viktig oppgåve er å førebu og følgje opp politiske saker til kommunestyre, formannskap, hovudutval og ymse andre råd og utval. Behandling av sektorovergripande saker, samfunnsutvikling, overordna styring, samordning og utføring av fellestenester for heile kommuneorganisasjonen er andre ressurskrevjande og viktige arbeidsoppgåver for at Gulen kommune skal fungere godt.

Politikk

Utvikling i tal politiske saker		
	Kommunestyret	Formannskapet
2015	127*	61
2014	71	70
2013	84	58
2012	94	75
2011	115	56
2010	60	62

*Dei høge tala for kommunestyresaker i 2011 og 2015 skuldast utpeiking av medlemar til ymse råd og styrer i samband med kommuneval.

Av viktige saker som vart behandla i kommunestyret i meldingsåret kan nemnast kommunestruktureforma, plan for busetting av flyktingar, val av medlemar til ulike styre, råd og utval, vassforsyning i Gulen sør, satsing på breibands- og mobilnett, oppstart av Gulen frivilligsentral, plan for kompetanseutvikling 2015-19, overordna ROS-analyse, investering ved Brekke barnehage og

skule, forprosjekt for symjeanlegg, utbygging av barnehage i Hovden, utbygging av bustadfelt og arealplanleggingssaker.

Arbeidet med kommunestruktureforma var ei omfattande og krevjande oppgåve i 2015.

Fellestenester

Rådmannen si leiargruppe har hatt fast møte på måndagane, einingsleiarane har samlast kvar månad og «husmøte» på kommunehuset har vore på planen månadleg.

Innfasing av elektroniske løysingar innafor kvalitets- og lønssystem, telefoni, innkjøp, fakturabehandling og rekrutteringsløysing held fram i meldingsåret. Infoposten vart utgitt med seks vanlege utgåver og eitt infoskriv om val.

I saksbehandlingssystemet vart registrert 1858 saker (1646 i 2014), om lag 11 300 journalpostar (10700 i 2014), 22 400 dokument (20 100 i 2014) og 69 elektroniske møteutsendingar i 2014 (50 i 2014). Om lag 8 hyllemeter arkiv (43 hyllemeter i 2014) vart levert fylkesarkivet til endeleg oppbevaring, som resultat av ei ekstrasatsing i ekspedisjonen 2013-15.

Fokus på beredskap var relativt høgt som følgje av mykje unormalt ver med straum- og teleutfall og eit skjerpa fokus nasjonalt på ulike trugsmål.

På tampen av året fekk Gulen kommune eigne facebooksider, som vart tatt godt i mot av brukarane.

Kapasiteten innafor økonomiavdelinga og ekspedisjonsavdelinga var redusert i høve til eit normalår på grunn av vakansar. Gjennomføringa av kommune- og fylkestingsvalet gjekk likevel veldig bra.

Samfunnsutvikling

Det interkommunale næringsselskapet Gulen og Masfjorden Utvikling AS (GMU) hadde god framdrift i 2015. Etableringshjelp, profilering av kommunen gjennom eigne og andre sine arrangement og ymse andre oppgåver var viktige oppgåver i 2015. Næringsbygget Vidsyn i Sløvåg industriområde var i god utvikling med ei rekkje spennande verksemder.

Utvikling av Gulatinget saman med fylkeskommunen held fram, med etablering av eit nasjonalt tingstadnettverk for dei fire gamle tingområda i Noreg som ei av fleire viktige satsingar. Ein delegasjon frå Høgsterett vitja Gulatinget i september.

Næringsfondet fekk om lag kr 0,5 mill. i påfyll i 2015. Mange av tilskota vart løyvd til nye verksemder i næringsbygget Vidsyn.

Innafor samferdslesektoren deltok Gulen kommune i Kystvegen Bergen-Ålesund og Stamvegutvalet for E39 i Sogn og Fjordane, og arbeidde for opprusting av Fv. 57. Utbetring av Undalstunnelen og Nesetunnelen vart fullført av fylkeskommunen.

Gulen ungdomsråd hadde moderat aktivitet i 2014, men delte ut transporttilskot og arrangerte Ungdommens Kulturmønstring (UKM). Redusert kapasitet på kulturfeltet store delar av året gjorde det vanskeleg å gjennomføre større tiltak i 2015, men

arbeid knytt til spelemidlar, tilskot til kulturbygg og kulturmidlar vart utført som vanleg. Gulen kommune løyvde kr 75 000 til festivalen Utkant, som vart arrangert 22.-25. juli med verdsstjerna Bob Geldof som ein av hovudattraksjonane.

Gulen folkebibliotek vart ferdig med bokregistrering i digitalt katalogsystem. Tenester for innvandrargrupper er eit aukande aktivitetsområde, med tinging av bøker på andre språk enn norsk, utlån av biblioteklokale til språkkafé og anna.

Ti tilskot til bustadetablerarar, på til saman kr 400 000, vart utbetalt. Interesse for kommunale bustadtomter og andre kommunale eigedommar var høgare enn normalt dei siste åra, mellom anna med fleire sal av «gratistomter» (resttomter i eldre bustadfelt). og fire nye tomter i Hovden II.

Å leggje til rette for vellukka busetnad av flyktningar har vore ei viktig og prioritert oppgåve i 2015.

OPPVEKST

Oppvekstsektoren har frå skuleåret 2013-14 vore organisert i 4 einingar, som alle har barnehage-, grunnskule- og SFO-tilbod.

Skule

Utvikling i elevtal i dei fire skulekrinsane					
	Brekke	Byrknes	Dalsøyra	Eivindvik	Samla elevtal
2010/2011	88	62	82	81	313
2011/2012	87	56	84	77	304
2012/2013	84	53	85	73	295
2013/2014	82	52	71	88	293
2014/2015 pr. 15.10.2014	81	47	69	79	276
2015/2016 pr. 01.10.2015	78	54	70	85	287

Vekst i elevtalet grunna tilflytting. Hausten 2016 sluttar 34 elevar og startar 16. Nedgangen ser ut til forsvinne grunna tilflytting. Det er alt kome 7 nye elevar og fleire er undervegs.

Vedteke resultatmål:

Gjennomsnittresultatet for elevane i Gulen kommune dei siste 5 åra skal minst vere på nivå med gjennomsnittet for Sogn og Fjordane i same periode.

Nasjonale prøvar:

Engelsk: Resultata i engelsk er dårlege både for 5. og 8. klasse i 2014. Resultatet i engelsk i 5. klasse var likevel betre enn resultatet i lesing. Dette er uvanleg. Trenden for engelskresultata i 5. klasse er slik at det er grunnlag for gjennomgang av dei faglege opplegga for engelsk på småskulesteget. Vidareutdanning i engelsk, med vekt på begynnarpplæring må prioriterast, og det må leggjast til rette for faglege diskusjonar om engelskopplegga på tvers av einingane.

Lesing: Resultatet for lesing i 5. klasse er for dårleg. Dette er eit brot på tendensen til framgang som har vore situasjonen. Det er med å understreke at vi har variasjonar i resultat som vi slit med å forklare. Einingane må ha oversikt over resultatutvikling og ha fagdiskusjonar knytt til arbeidet med dei grunnleggjande dugleikane.

Resultata for 8. og 9. klasse var gode.

Rekning: Resultata i rekning er gode dette året. Dette er svært positivt og bryt med ein trend der resultata har vorte dårlegare. Dette året er resultata i rekning betre enn resultata i engelsk og lesing på alle stega. Det vert interessant å følgje utviklinga. Er dette eit resultat av svingingane som er vanlege for Gulen, eller er det ein eit resultat som vil halde seg. Dei nye skalaene i dei nasjonale prøvane gjer at vi ikkje kan rekne ut snittresultat som gjev eit betre uttrykk for nivået på prestasjonane til Gulen-elevane. Det er likevel positivt at resultata for alle klassesteg er lik eller betre enn resultata nasjonalt og for Sogn og Fjordane.

Konklusjon: Språkstimulering og arbeid med språk og lesing må setjast fokus på både i skule og barnehage. Dette må ha førsteprioritet og i vidareutdanning av lærarar i skule og barnehage.

Einingane bør bruke meir tid på å drøfte det tverrfaglege ansvaret for å læring av dei grunnleggjande dugleikane.

Grunnskulepoeng:

Grunnskulepoeng	2011	2012	2013	2014	2015	Snitt
Gulen	42,4	44,1	42,3	44,0	41,6	42,9
Sogn og Fjordane	41,5	41,2	41,2	41,5	41,2	41,3
Norge	39,8	39,9	40,0	40,4	40,8	40,2

Gulen har mindre skilnad på resultata mellom gutar og jenter enn i fylket og nasjonalt. På grunn av lågt elevtal varierer resultata for Gulen mykje frå år til år. Snittet for Gulen-elevane er høgare dei siste fem åra enn snittet i fylket og landet, og resultatmålet for skulen er såleis oppnådd.

Spesialundervisning

Prosent av elevar som får enkeltvedtak				
2010/-11	2011/-12	2012/-13	2013/-14	2014/-15
8,3 %	9,5 %	7,8 %	7,1 %	5,9 %

Gulen ligg under snittet for Sogn og Fjordane som er 9,6 %.

Skulefritidsordning (SFO)

Tal på brukarar av skulefritidsordning					
	Brekke	Byrknes	Dalsøyra	Eivindvik	Samla tal
01.10.11	7	9	0	12	28
01.10.12	7	8	5	12	32
01.10.13	9	7	5	6	27
01.10.14	11	7	7	12	37
01.10.15	13	15	7	12	47

Bruken av SFO-tilbodet auka i 2015.

Barnehagar

Born i kommunale barnehagar, fordelt på avdelingane							
	Brekke	Byrknes	Dalsøyra	Eidsbotn	Haveland	Eivindvik	Samla tal
15.12.10	17	11	15	15	8	23	89
15.12.11	18	12	16	13	6	22	87
15.12.12	21	16	17	13	13	22	99
15.12.13	27	17	16	12	6	16	94
15.12.14	28	19	16	15		23	101
15.12.15	29	16	32			21	98

Hausten 2016 er det få barn som går over i skulen og mange nye som søker plass. Barnehagane vert ikkje ferdig utbygde så vi må improvisere ein periode. Gulen kommune har fortløpande opptak og gjev barnehageplass til alle som søker.

PPT

Tilviste saker frå Gulen				
2010/2011	2011/2012	2012/2013	2013/2014	2014/2015
76	86	75	55	

Dette er alle tilmeldingar til PPT frå kommunen, altså førskule, grunnskule, vidaregåande og vaksne. Vi har felles PP-teneste med 6 andre kommunar i Ytre Sogn/Sunnfjord, dei vidaregåande skulane i Dale og Høyanger, pluss Masfjorden kommune. Til saman har tenesta ca 12 fagstillingar, der vi har tilsette med høg kompetanse innafor fleire aktuelle fagområde.

Musikk- og kulturskulen

Elevlar i musikkskulen				
01.10.11	01.10.12	01.10.13	01.10.14	01.10.15
66	53	47	48	50

Tal elevlar i musikkskulen endrar seg lite. Korpsmedlemene kjem i tillegg. Elevane får undervisning i større eller mindre grupper. Undervisninga er spreidd på skulekrinsane. Dette fører til små stillingsstorleikar. Tilbodet er avhengig av "eldsjeler", og er såleis sårbar. Musikk- og kulturskulen sel timar til skulekorpset i Brekke.

OMSORG

Pleie og omsorg

Samhandlingsreforma vart innført frå 01.01.2012. Reforma skal vise veg framover, og gje helsetenestene ny retning. Hovudmåla er:

- Førebygge framfor å reparere - Få ulike ledd i helsetenestene til å jobbe betre saman - Flytte tenestene nærmare der folk bur - Fleire oppgåver til kommunane og pengar til å utføre dei	- Tidleg innsats framfor sein innsats - Samle spesialiserte fagmiljø som er sterke nok - Betre for pasientane, auka brukarmedverknad
---	--

Gjennomføringa av reforma og oppbygging av helsetilbod i kommunane skal skje over noko tid, og gjev helse-, pleie- og omsorgstenestene nye og spanande utfordringar i åra framover.

I samband med reforma er utarbeidd ny felles lov for helse- og omsorgstenestene i kommunane og ny folkehelselov. Utifrå lovverket pliktar kommunane og sjukehusa å samarbeide, og kvaliteten skal kunne målast betre. Pasientar og brukarar vil få eit tilbod som heng betre saman.

Gulen kommune har greidd dei nye utfordringane rimeleg greitt. Vi opplevde i 2015 nokre flaskehalsar, i periodar mangel på korttidsplassar for utskrivingsklare pasientar på Gulen sjukeheim. I 2015 betalte kommunen for 13 liggedøgn (10 døgn i 2014) fordelt på Helse Førde og Helse Bergen.

Nye krav til kommunen set nye krav til kompetanse. Ein kompetanseplan med bakgrunn i nye krav er utarbeidd og politisk vedtatt. Nokre av oppgåvene i samband med reforma ser ut til å kunne løysast best med interkommunalt samarbeid. Gulen kommune har ØDH (Øyeblikkeleg DagHjelp)-plassar i samarbeid med Nordhordland interkommunale legevakt. Ordninga med interkommunal legevakt synest å fungere greitt for alle paratar.

Pleie i institusjon

Institusjon					
	2011	2012	2013	2014	2015
Tal utskrivingar totalt	33	16	19	17	16
Utskriving etter langtidsopphald	14	5	11	6	5
- Av desse etter dødsfall	14	5	11	6	4
Utskrivingar etter korttidsopphald	19	11	3	11	11
- Av desse etter dødsfall	3	0	0	1	2
Avlastning	0	0	5	0	0

Gulen sjukeheim er delt i tre avdelingar for pleie: langtidsavdelinga har 12 plassar, rehabilitering og avlastning 8 plassar, demensavdelinga har 8 plassar, ein plass har tidlegare vore nytta til avlastning. Siste året har plassen vore nytta til fast plass grunna

stor trong for fast institusjonsplass. Kommunen har nytta dagtilbod som alternativ for demente som bur heime.

Arbeidet med å redusere sjukefråværet ved institusjonen held fram. Det er framleis ei stor utfordring å skaffe nok fagpersonar og vikarar.

Prosjekt lindrande behandling vart vidareført i 2015. Det er knytt ei 40 % stilling som ressurs-sjukepleiar i kreftomsorg til prosjektet, med hovudoppgåve å kvalitetssikre kreftomsorg og lindrande behandling gjennom undervisning og formidling av erverva kompetanse i kommunen, i tillegg til å gje

råd og rettleiing for pasientar, pårørende og helsepersonell og samarbeide tverrfagleg med andre aktuelle aktørar.

Kompetanseutvikling har vore satsa på. Tilsette har starta med ulike helsefagutdanningar.

Kommunen har fått prosjektmidlar frå helsedirektoratet til eige prosjekt knytt til pårørandearbeid og lindrande omsorg. 20% prosjektstilling er finansiert og knytt til prosjektet.

Prosjekt «Velkomen inn-pårørende på timeboka» er vidareført med prosjektmidlar frå Fylkesmannen, prosjektet skal og gjennomførast i open omsorg.

Etter tilsyn frå Fylkesmannen har institusjonen utarbeidd nye og betre rutinar på oppfølging av rehabiliteringspasientar og tverrfaglege samarbeidsmøte. Arbeidet med rehabiliteringsavdeling har vore prioritert og vidareført i 2015.

Open omsorg

Heimebaserte tenester					
	2011	2012	2013	2014	2015
Tal brukarar i året	103	98	98	111	112
Tenestetimar pr veke	278,4	291,0	306,0	340	
Funksjonsevne	1,84	1,95	1,85	1,87	1,9

(Brekke, Byrknes og Dalsøyra) er om lag like store og brukartalet er også mykje likt. Grunna nedbygging av sjukeheimen, og at pasientar vert tidlegare utskrivne frå sjukehus, med fleire oppgåver overført til kommunehelsetenesta, er det trong for auka kompetanse på personalet vårt. Ei stor utfordring for sonene våre er å skaffe nok kvalifisert personale. Det er utarbeidd kompetanseplan for å betre stoda.

Avdeling Brekke og Dalsøyra kjøper middag frå Masfjorden. Ordninga fungerer tilfredsstillande, men vi ser at det går mykje tid vekk i henting av middag. Avdeling Byrknes kjøper middag frå lokal kafe. Sone BBD har ambulerande nattevakt stasjonert i Brekke og på Byrknesøy. Erfaring syner at nattevakta vert bunden opp med vedtak på bu- og omsorgssentra, og er lite tilgjengelege for brukarar ute i sona. Intensjonen bak ambulerande nattevakt var at tenesta skulle vere tilgjengeleg for alle som bur i eigen heim.

Kommunale bustader (PU)

Ein del av omsorgstenesta er knytt opp til personar med nedsett funksjonsevne. I løpet av 2015 har to brukarar som har hatt vedtak på helgeavlastning vore inne på heiltid frå medio mai. Kommunen kjøper tenester på dagtid til ein brukar, medan open omsorg organiserer nattevakt. Fem vaksne brukarar får tenester i eigen heim av eige personale. Tre kommunale og eit privat husvære vert nytta til avlastning. To brukarar har fast bustad på Dalsøyra bu- og omsorgssenter. Tenesta driv og dagaktivitet for brukarane.

Etter politisk vedtak om ny gjennomgang av bygging av bustader og organisering av tenester til personar med nedsett funksjonsevne, vart det nedsett ei arbeidsgruppe som skulle sjå på framtidig organisering av tenesta. Prosjektet skal leggast ut på anbod våren 2016.

Helsetenestene

Eining helse har frå sommaren 2014 hatt eigen einingsleiar. Eininga omfattar helsestasjon/skulehelseteneste med 1,4 stilling helsesøster. Gulen kommune kjøper 20 % jordmorstilling frå Masfjorden kommune. Gravide frå Gulen reiser til Hosteland for konsultasjon med jordmor.

Legetenesta består av tre fastlegar som har driftsavtale med kommunen, og faste kommunale stillingar for å utføre offentlege oppgåver. Frå april 2013 vart Gulen kommune ein del av Nordhordland interkommunal legevakt stasjonert i Knarvik. Ordninga gjer at legane i Gulen kommune har vakt på kvardagar frå kl 08.00 til kl 15.30. I resten av tida kjøper Gulen kommune legevakttenester i Knarvik. Ordninga synest å fungere godt for alle partar.

Gulen kommune har 1 stilling som ergoterapeut fordelt på to 50 %-stillingar.

Fysioterapitenesta er organisert med 70 % driftsavtale, og 130 % fastløn.

Psykiatritenesta omfattar 2,3 stillingar. Tenesta har og støttekontaktar og arbeidstiltak for nokre personar. Mål for drifta er å vere eit lavterskeltilbod i forhold til psykisk helse. Innbyggjarane kan ta direkte kontakt og spørje om hjelp/informasjon, og det gjer dei. Gulen kommune har eit demensteam fordelt på ein 40 % stillingsressurs.

Gulen kommune starta opp Frivilligsentral i april 2015. Sentralen har 70% stilling som dagleg leiar. Satsingsområda er delt opp i tre hovudpunkt:

- Motivere lag og organisasjonar til å halde fokus på folkehelse i sine aktivitetar
- Psykisk helse

- Integrering og inkludering

2015 har vore eit oppstartår der vi har hausta erfaring med ulike arbeidsfelt. Erfaringane så langt er gode.

Barnevern

	Arbeid i barnevernet				
	2011	2012	2013	2014	2015
Kontaktar med barn og unge	41	48	51	51	48
Tiltak (tal born)	29	28	47	39	53
Fosterheimstiltak	3	2	3	1	1
Tilsynsansvar (tal born)	3	4	5	3	3
Støttefamiljar	14	13	15	17	19
Fritidskontaktar	9	10	16	16	15
Støttegrupper	2	2	2	1	0
Tilsynsførarar	2	2	2	2	2
PMTO-tiltak (FMT i 2011)	2	2	1	1	2
Fosterheimar	4	4	3		1

Gulen og Masfjorden har ei interkommunal barnevernteneste med Gulen kommune som arbeidsgjevar. Einingsleiar i Gulen er og barnevernsleiar i Masfjorden. Tenesta har fem tilsette, og er lokalisert i felles kontor på Hosteland, med gjestekontor i Eivindvik. Tilsette i tenesta har så langt positive erfaringar med

samarbeidet. Tilbakemelding frå brukarane er og positive med omsyn til ny organisering. Barnevernet har blitt tildelt midlar frå Fylkesmannen til kompetanseheving, som har vore nytta til ei 100%-stilling; 50% i Gulen og 50% i Masfjorden. Barnevernet er ein del av KLAFF-gruppa, og deltek i det kommunale kriseteamet.

NAV

	NAV				
	2011	2012	2013	2014	2015
Supplerande økonomisk sosialhjelp	34	28	32	22	20
- Av desse nye	29	9	14	6	
Deltakarar, kvalifiseringsprogrammet	4	4	1	0	0

NAV Gulen vart etablert i mars 2009, og er et partnerskap mellom NAV og Gulen kommune. Gulen kommune finansierer 0,5 stilling som leiar og 1,0 stilling som

rådgjevar. Kommunen har tilsett 100% stilling som flyktningkonsulent organisert av NAV.

Den kommunale tenestemenyen (tenester som før vart administrert frå sosialkontoret) er: Opplysning, råd og vegleiing, Økonomisk rådgjeving, Økonomisk sosialhjelp, Individuell plan, Kvalifiseringsprogrammet med tilhøyrande stønad, Mellombels butilbod, Bustøtte (Husbanken), Startlån og tilskot (Husbanken) og Gjeldsrådgjeving. Etablering av flyktningadministrasjon har vore eit nytt arbeidsfelt for Gulen kommune og NAV.

PLAN, LANDBRUK OG TEKNISK

Frå 01.01.13 vart Plan, landbruk og teknisk eining (PLT) slått saman med Drift- og vedlikehaldseininga (DRV). Eininga har eit stort arbeidsfelt og utfører om lag 25 årsverk, fordelt på om lag 40 tilsette.

Planlegging

Kommuneplanar og reguleringsplanar			
	Oppstarta	Under arbeid	Fullførte/erstatta
2015	1	6	6
2014	6	6	9
2013	4	11	7
2012	7	11	13
2011	7	17	8

Etter at kommuneplanarbeidet vart fullført i 2014 har fokuset vore på digitalisering av eldre planar og mindre reguleringsplanendringar. Planverket knytt til arealdelen er i god orden. 4 planar vart godkjende. Fleire prosjekt har vore gjennomførte som følgje av m.a. trafikktrykingsplan og idrettsplan.

Byggesaker

Byggjeløyve for bustader, fritidsbustader og andre bygg					
	2011	2012	2013	2014	2015
Heilårsbustader	9	13	7	6	13
Fritidsbustader	22	31	7	3	20
Andre bygg*	24	28	25	30	27

*Næringsbygg, garasjer, naust osv.

Gulen har dei siste åra vore ein attraktiv utbyggingskommune for fritidsbustader, men aktiviteten avtok i 2012-13. Aktiviteten i 2015 har tatt seg opp, særskilt for heilårs- og fritidsbustader.

Kart og oppmåling

Kart- og oppmålingsarbeid			
	Innkome saker	Ferdige saker	Utsende faktura
2015	41	25	25
2014	38	24	20
2013	63*	42	37
2012	45	34	29
2011	56	67	63

* Av desse er 40 stk. «reine» fradelingssaker, arealoverføringar og grensejusteringar. Resten er krav om endringar i matrikkelen, påvising av grenser og samanføyingar.

Tilgang på saker var noko høgare enn året før.

Landbruk

Produksjonstilskot i landbruket				Regionale miljømidlar		Avløyasing ferie og fritid		Refusjon for sjukeavløyasing	
	Tal søkjarar	Utbetalt (mill.kr)	Tal mjølkeprodusentar	Tal søkjarar	Utbetalt (mill.kr)	Tal søkjarar	Utbetalt (mill.kr)	Tal søkjarar	Utbetalt (mill.kr)
2015	96	19,89	42	41	0,52	74	3,41	9	0,71
2014	96	20,45	43	44	0,54	76	3,42	2	0,06
2013	96	20,13	44	51	0,65	80	3,33	3	0,05
2012	98	19,66	45	49	0,67	79	3,35	11	0,23
2011	99	22,42	47	55	0,68	86	3,44	17	0,29

Jordbruket er ei stor næring i kommunen med lite nedgang i talet på aktive brukarar dei siste åra. I 2015 vart det gjeve tilbod om BU-midlar til to tiltak. Gulen fekk tildelt kr 160 000 til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL-midlar). I tillegg nytta kommunen kr 85 000 av inndregne midlar slik at det totalt vart utbetalt kr 245 000. Aktiviteten i skogbruket har vore låg.

Viltforvaltning

Hjortejakta i Gulen kommune				Fallvilt			Utfall			
År	Kvotestk.	Felte dyr (stk.)	Felte dyr (%)	Meldingar (stk.)	Hjort (stk.)	Oter, ørn (stk.)	Daud på staden (stk.)	Ettersøk - ikkje funn (stk.)	Friskmeld (stk.)	Avliva (stk.)
2015	749	561	74,9	21	20	1	10	3	2	5
2014	748	604	80,7	18	18	0	6	4	5	3
2013	766	617	80,5	11	11	0	6	1	1	3
2012	760	622	81,8	23	19	4	9	5	1	8
2011	755	670	88,7	34	32	2	16	2	4	12

Gulen er av dei største hjortekommunane i Sogn og Fjordane, med 75 % avskyting i meldingsåret. Dette er noko mindre enn tidlegare år. I 2015 hadde kommunen 4 storvald og 38 ordinære vald.

Veterinærtenester

Gulen administrerer veterinærtenestene for vakttdistrikt Høyanger (Høyanger, Gulen og Masfjorden). 5 veterinærar deler vaktene. Staten dekkjer mesteparten av ordninga.

Brann- og redningsvern, feiarteneste

Gulen og Masfjorden Brann og Redning (GMBR) hadde 70 utrykkingar i 2015.

I oktober 2015 vart det nasjonale naudnettet teke i bruk, som fører til ei markant betring når det gjeld samvirke og dialog mellom naudetatane og naudsentralane i kritiske situasjonar.

Det vart i løpet av året gjennomført fleire øvingar internt i brannvesenet og i samarbeid med andre aktørar, mellom anna "Øving Bergen 2015" i Fensfjordbassenget, der ein fekk testa oljevemberedskapen i kommunen. Denne viste at den lokale beredskapen har god slagkraft, og er ein viktig aktør om ein skulle få akutt ureining på sjø i vårt nærmiljø.

Brannførebyggjande arbeid skjer gjennom NGIB (Nordhordland og Gulen interkommunale brannførebyggjande avdeling). Det er avdekt behov for betre brannteknisk dokumentasjon for dei kommunale bygga, som må arbeidast vidare med i 2016.

Gulen var i heile 2015 med i felles feiarteneste for kommunane Modalen, Masfjorden, Solund og Gulen. Masfjorden kommune administrerer ordninga, som er brukarfinansiert.

Vatn, avlaup og renovasjon (VAR)

Oversikt vassforbruk		
År	Eivindvik vassverk (m³ pr. år)	Vassforsyning Sløvåg (m³ pr. år)
2015	85 486	37 124
2014	80 429	39 899
2013	101 678	40 779
2012	75 500	42 895
2011	77 965	39 474

VAR-tenestene er sjølvkosttenester. Abonentane betaler sjølv kostnaden med tenestene (gebyr).

Vassforsyning: Gulen kommune eig anlegga i Eivindvik og Sløvåg-området, medan resten av vassverka i Gulen er private. Pr. 31.12.15 står kr 149 045 på sjølvkostfond.

Eivindvik vassverk: Anlegget har fungert utan store feil og manglar. Nytt driftsoperatørsystem på vassverket vart tatt i bruk

i 2015.

Vassforsyning Sløvåg: Avgrensa tilgang på drikkevatt til abonnentar har også i 2015 ført til situasjonar med rasjonering og andre tiltak. Det er sett i gang eit samarbeid med Masfjorden kommune om auka leveranse på kort og lang sikt. Nytt høgdebasseng i Sløvåg er nærast ferdig, og skal takast i bruk våren 2016.

Avlaup: I meldingsåret var det noko problem knytt til avlaupssystemet på Byrknes, elles greitt. Pr 31.12.15 står kr 310 566 på sjølvkostfond.

Slamtømming: Kommunen har ansvar for slamtømming for ca. 1030 abonnentar. Det praktiske arbeidet er administrert av NGIR. Kommunen har tilsynsplikt i høve til private slamavskiljarar (*ureiningsforskrifta §12 og 13*). Pr 31.12.15 står kr 118 568 på sjølvkostfond.

Renovasjon: NGIR har overtatt heile forvaltninga frå 2014, og dette fungerer bra. Pr 31.12.15 står kr 191 000 på sjølvkostfond.

Bygg

Dei siste åra har kommunen skifta ein god del golvbelegg, vindauge, dører og taktekking. Ingen graverande avvik er kjende, men dokumentasjonen på bygningane er mangelfull. Av samla bygningsmasse på 24 648 m² er heile 60 % over 30 år og 75 % over 20 år.

Alle kommunale vegar og bygningar er formelt samla under tenesteeininga drift og vedlikehald. Vaktmeistrane og reinhaldarane, med unntak for reinhaldarane på Gulen sjukeheim og bu- og omsorgssentra, er plasserte innafor eininga.

Vegar og uteanlegg

Gulen kommune har 130,5 km kommunale vegar. Både sommarvedlikehald og brøyting vert i hovudsak utført av private kontraktørar og entreprenørar.

I 2015 vart lagt 2 km fast dekke mot Brandanger og reasfaltert 3 km mot Norddal og Kjellbu. Krossvoll bru vart fullført. Gulen kommune har framleis over 50 km med grusvegar, noko nedslitne asfaltvegar, manglande autovern og generelt vesentleg oppgraderingsbehov på kommunale vegar.

Vedlikehaldsetterslep på 28 kommunale bruer og 20 kommunale kaier er rekna til om lag kr 10 mill.. Tilstandsrapportar er utarbeidd på desse områda.

I tillegg til drift og vedlikehald av eigne uteanlegg, utførar eininga slått og vedlikehald på kyrkjegardane og på Flolid i høve til tenesteytingsavtalar med Kyrkjeleg fellesråd og Tusenårsstaden Gulatinget, og tenester for Hjelpemiddelsentralen og omsorgseiningane. Driftseininga har ansvar for mange arbeidsfelt, og eit stort kontaktfelt mot interne brukarar, leietakarar, kontraktørar, entreprenørar, eksterne tilsyn og innbuarane i kommunen.